



Nord-  
Fron

Sør-  
Fron



**Fron kulturskole**

**Representantskapsak nr. 30/16**

**Fron kulturskole-sak nr. 3/16 - Representantskapsmøte 26.  
oktober 2016**

## **BUDSJETT 2017**

### **Vedlegg:**

- 1 - Forslag til budsjett for 2017.
- 2 - Kommentarer til budsjett 2017.

### **Bakgrunn for saka:**

Fron Kulturskole er eit interkommunalt selskap som kommunane Nord-Fron og Sør-Fron står bak. Selskapet vart starta 01.08.2005. Nord-Fron kommune er vertskommune, og administrasjonssjefen er administrativ leiar for kulturskolen. Kulturskolen er fullt underlagt vertskommunen og dei reglane som gjeld i denne. Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette. Eigarkommunane er ansvarlege for økonomisk tilskott til kulturskolen og fordelinga blir gjort etter folketal i kommunane.

Kulturskolen har (pr.15.09.2016) 182 elevar fordelt på tilboda; gitar, bass, trommer, fløyte, piano, song, cello, fiolin (klassisk og folkemusikk), band, teater, klassisk ballett, visuell kunst, barnekor og ungdomskor. Det står 12 barn på venteliste. Fron Kulturskole har pr. i dag 5,21 årsverk.

### **Budsjett 2017:**

Fagleg Forum for Fron Kulturskole har behandla budsjettforslaget for 2017 i møte 19.09.16, og har ingen merknader.

Foreldrebetaling og sal av tenester utgjør inntektene til Fron Kulturskole. Sal av tenester blir berekna på to forskjellige måtar - sal av tenester til fullpris og sal av tenester til redusert pris. Sal av tenester til fullpris omhandlar dei tenestene kulturskolen sel til offentlege instansar (pr. i dag gjeld dette Vinstra vidaregåande skule) og til frivillige lag og organisasjonar for *vaksne* (pr. i dag gjeld dette dirigenttenester 1 vaksenkorps). Sal av tenester til redusert pris gjeld frivillige lag og organisasjonar for *barn*. Pr i dag er dette korps som kjøper dirigent- eller instruktørtimar.

Husleige for FK er rekna ut etter felles prinsipp for kostnadsdeling for interkommunale selskap. Dette gjeld også administrative kostnader og utgifter til IKT-support.

Kulturskolen har fått i oppdrag å lage eit budsjettforslag for 2017 med innsparing på kr 66 000. Fron kulturskole gjorde store økonomiske kutt i budsjett for 2016 (Totalt 4% ned fra budsjett 2015, før prisvekst). Da vart desse tiltaka gjort:

Subsidiert pris på sal av tenester til vaksne ( gjeld nå korps) vart teke vekk, undervisning vart flytta ut av enkelte rom, slik at leigekostnadane vart mindre. I tillegg reduserte kulturskolen på store elevframsyningar og deltaking på regionale fagdagar.

Vidare innsparing for 2017 blir da:

- Auke prisen fra 65% til 75% av fullpris på sal av tenester til lag og foreningar for barn (pr. nå skolekorps).
- Selge lærekrefter til skoler, på bekostning av elevplassar i kulturskolen. (15 % stilling= 7 færre enkeltelevar).

Budsjettforslaget har difor ei netto driftsutgift på kr 3 400 000. Fordeling av driftsutgiftene mellom kommunane er gjort etter folketal pr. 01.01.16, med kr 1 206 000 på Sør-Fron kommune og kr 2 194 000 på Nord-Fron kommune.

### **Innstilling:**

Representantskapet for Fron kulturskole godkjenner vedlagte forslag til budsjett for Fron Kulturskole for 2017, med ei netto driftsutgift på kr 3 400 000. Netto driftsutgift blir å fordele slik (etter folketal pr.01.01.16) på eigarkommunane:

Sør-Fron kommune kr 1 206 000 og Nord-Fron kommune kr 2 194 000.

Administrasjonssjefen i Nord-Fron kommune, oktober 2016

Arne Sandbu



## Vedlegg 1

<b>Budsjett for Fron kulturskole 2017</b>					
<b>Art:</b>		<b>R-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	
		2 163	2 434		
1010	Fastløn	977	000	2 643 000	Note 1
1015	Avtalefesta tillegg	17 714	20 000	21 000	
1021	Sjukevikar	16 395	5 000	5 000	
1022	Fødselsvikar	0	0	0	
1025	Avtalefesta tillegg vikarer	2 507	5 000	5 000	
1030	Engasjement	77 222	0	0	
1031	Ekstrahjelp	12 494	9 000	9 000	
1040	Overtid	2 711	1 000	1 000	
1052	Honorar	1 500	0	0	
1090	Pensjon	331 853	499 000	511 000	
1091	Pensjon lærarar	21 602	0	0	
1099	Arbeidsgivaravgift	282 056	319 000	339 000	
	<b>Sum lønskostnader</b>	<b>2 930 031</b>	<b>3 292 000</b>	<b>3 534 000</b>	
1101	Abonnement og faglitteratur	2 124	5 000	5 000	
1100	Kontormatriell	0	8 000	8 000	
1105	Undervisningsmatriell	23 367	17 000	15 000	
1115	Mat/Servering(Avg.fritt)	5 887	5 000	5 000	
1123	Andre Varer og tjenester	15 484	13 000	10 000	
1125	Adm. Vederlag	0	0	119 000	Note 2
1126	Utgiftsdekning	60 814	2 000	2 000	
1128	Velferdstiltak	10 296	3 000	3 000	
1131	Telefon/fax	7 584	18 000	18 000	
1133	Internett	0	3 000	3 000	
1137	Fordelte utgifter	0	0	79 000	
1139	Fordelte portoutgifter	3 178	3 000	0	
1140	Annonser	3 500	9 000	5 000	
1150	Kursutgifter	23 565	10 000	10 000	
1160	Skyss og kostgodtgj.	20 105	30 000	31 000	
1185	Personforsikringar	17 908	23 000	23 000	
1191	Husleige internt	393 700	303 000	365 000	Note 3
1196	IKT-lisnsar	88	0	0	
	Diverse				
1197	avgifter/gebyr/kontingenter	32 187	10 000	10 000	
1198	Kopieringsavtale/-service	3 331	18 000	18 000	
1200	Inventar og utstyr	21 787	20 000	20 000	
1201	IKT utstyr	6 705	10 000	10 000	
1208	Utstyr til undervisning	16 460	10 000	10 000	
1221	Leige av kopimaskiner	5 773	0	0	
1234	Vedlikehald utstyr	1 400	5 000	5 000	
1241	Driftsavtaler og serviceavtaler	133 870	34 000	35 000	
1290	Internkjøp	75 000	77 000	0	
1330	Betaling til fylket	62 619	0	0	
1350	Betaling til andre kommunar	184 933	12 000	12 000	Note 4
1370	Betaling til private	51 231	30 000	31 000	
1429	Merverdiavgift (mva-komp)	30 677	25 000	26 000	
	<b>Sum andre kostnader</b>	<b>1 213 573</b>	<b>703 000</b>	<b>878 000</b>	
<b>Sum utgifter:</b>		<b>4 143 604</b>	<b>3 995 000</b>	<b>4 412 000</b>	

1600	Eigenbetaling	-474 410	-507 000	-502 000	Note 5
1620	Avgiftsfritt sal	-283 602	-293 000	-281 000	Note 6
1629	Billettinntekter	-30 692	0	0	
1710	Refusjon sjukeløn	-1 648	0	0	
1711	Refusjon fødselspenger	0	0	0	
1729	Komp.Mva driftsrekskapen	-30 677	-25 000	-26 000	
1730	Refusjon fra fylkeskommunen	-214 363	-214 000	-203 000	Note 7
		-1 111	-1 057		
1750	Refusjon fra Sør-Fron kommune	711	000	-1 206 000	
		-1 996	-1 899		
1750	Refusjon fra Nord-Fron kommune	500	000	-2 194 000	
<b>Sum inntekter</b>		<b>-4 143</b>	<b>-3 995</b>	<b>-4 412 000</b>	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>603</b>	<b>000</b>	<b>0</b>	
		0	0	0	

## **Kommentarer til budsjett 2017, Fron kulturskole.**

### **Note 1, Fastlønn kr 2 643 000**

Lønnsutgiftene er regnet ut fra de faste stillingene vi har i dag, og 2 lærere som vi kjøper (1 fra Vinstra vgs., og 1 fra Ringebu kulturskole). Dette utgjør til sammen 5,21 årsverk.

### **Note 2, kr 119 000**

Administrativt vederlag er regnet ut etter felles prinsipp for kostnadsdeling for interkommunale selskap. Satsene er justert etter konsumprisindeksen.

### **Note 3, husleie kr 365 000**

Husleie er regnet ut etter felles prinsipp for kostnadsdeling for interkommunale selskap. Satsene er justert etter konsumprisindeksen. I forbindelse med innsparing i fjorårets budsjett kuttet kulturskolen leie av enkelte undervisningsrom. Disse er heller ikke tatt inn igjen i budsjett for 2017 for å holde kostnadene nede.

### **Note 4, betaling til andre kommuner kr 12 000**

Kulturskolene i Midt- og Nord-Gudbrandsdal og Musikk- og danselina ved Vinstra vgs. viderefører skoleåret 2016/17 prosjektet «Unge talenter». Fokus er på elever med ekstra motivasjon og ferdighet i sin disiplin. Tilbudet gis i 7 samlinger på lørdager gjennom skoleåret. Dette er tredje prosjektår, og tilbudet gis nå innen: folkemusikk, dans, vokal, stryk, band, piano og blåseinstrumenter. Prosjektet har fått økonomisk støtte fra Oppland Fylkeskommune og Regionrådene i Midt- og Nord-Gudbrandsdal. Egenandel/medfinansiering pr. deltakerkommune er kr 6 000. Elevene betaler en egenandel på kr 750.

### **Note 5, egenbetaling kr 502 000.**

Egenbetaling er her foreldrebetaling og gjelder ”en til en”-undervisning og gruppeundervisning. Gjeldende satser for 2016 er økt med 2,0 %. Elevtall pr 15.09.16 er lagt til grunn for utregning av egenbetaling. Summen blir kr **502 000** når søskenmoderasjon er trekt fra.

### **Note 6, salg av tjenester (avgiftsfritt sal)**

FK selger høsten 2016 dirigent / instruktørtjenester til 3 skolekorps og 1 voksenkorps tilsvarende (13,98 årstimer).

Som innsparingstiltak (kr 14 000) er den subsidierte årstimeprisen på salg av timer til frivillige lag og org. for barn økt fra 65% til 75 % av fullpris. Den blir da for 2017 kr 19 000. Salg av tjenester til full pris (pr nå dirigenttjenester til voksne i korps) er økt med 2,7 % fra 2016. Full årstimepris for 2017 er kr 27 144.

Budsjett 2017:

12 årstimer (subsidiert pris) til skolekorps	kr 228 000
1,98 årstimer (full pris) til voksenkorps	kr 53 745
Til sammen	<b>kr 281 745</b>

**Note 7, 1730 Salg av tjenester til fylkeskommunen**

FK selger høsten 2016 pianolærer til Vinstra vgs. (full pris, til sammen 30 % stilling) kr 160 000. Som innsparingstiltak (kr 43 000) vil salg av lærer økes ytterligere 15% fra høsten 2017. Dette betyr 7 færre enkeltelever i kulturskolen. Til sammen i 2017 blir dette **kr 203 000**.